

Årsmelding 1999

- Endeleg - i desember 1999 starta grave- og betongarbeida på 2. byggesteg, utstillings- og magasinbygget. Målet om eit fullt utbygd museum nærmar seg.
- Stortingsmelding nr. 22, "Kjelder til kunnskap og oppleving. Om arkiv, bibliotek og museum i ei IKT-tid og om bygningsmessige rammevilkår på kulturområdet", som blei lagt fram 17. desember, var og ei stor oppmuntring for Jærmuseet. Dei nye basisutstillingane, som skal bygga på vitensenterkonseptet, er eitt av 10 museumsprosjekt som Kulturdepartementet vil prioritera på sitt investeringsbudsjett i perioden 2000-2010. Desse basisutstillingane har ei kostnadsramme på 11 mill. kroner, og departementet skriv at : *"Ei realisering av desse planane vil innebera ein nyskapnad innanfor museal formidling i Noreg."*
- Hausten 1998 lanserte Jærmuseet ideen om eit vitensenter eller "science senter" i tilknytning til 2. byggesteg. Desse planane førte til at Jærmuseet vinteren 1999 blei invitert til å vera med i det nasjonale nettverket av vitensenter i Norge. Nettverket er initiert av Norges Forskningsråd og Norsk Museumsutvikling.
- Jærmuseet har også dette året nytt godt av betydelege prosjektmidlar og har såleis fått utført viktige dokumentasjon- og restaureringsoppgåver - først og fremst:
 - Forskningsprosjektet "Plast i landbruket" blei avslutta i 1999. Resultatet av arbeidet blir publisert i artikkelen "Plastgjenstandar. Ei kartlegging av plastens veg inn i jordbruket, i "Volund" – årboka til Norsk Teknisk Museum.
 - Arbeidet med å dokumentera jærskemattradisjonar blei også fullført dette året. Materialet er m.a. presentert i årboka "Sjå Jæren" 1999. Me fekk også ekstra tilskot frå Fylkesmannen si landbruksavdeling slik at utstillinga "Metta meir enn mat. Om mattradisjonar før og nå" kunne realiserast hausten -99.
 - Eit ekstra tilskot frå Norsk Kulturråd gjorde det muleg å restaurera ein Allis Chalmers slepeskurtreskar. Her gjenstår berre mindre arbeid.
- Den utoverretta aktiviteten har også vore stor i 1999. Dette året hadde museet 4 temporære utstillingar og 12 opne aktivitetsdagar.
 - Samla besøk i 1999 var ca. 20.752 som er litt nedgang i høve til fjoråret.
 - Det samla talet på barn og unge i organisert undervisning var likevel høgare enn i 1998 - 5632 personar fordelt på 251 skulegrupper. Barn og unge er den viktigaste målgruppa for museet, og me prioriterer å halda

Jærmuseet får hjelp av yngre krefter og Sverre Skjæveland kan slipa låden.

Alle foto i årsmeldinga er tekne av Jærmuseet.

ein høg kvalitet på undervisningstilbodet.

- Eit nytt tiltak dette året var deltaking på "Gladmat-festivalen" der Jærmuseet sin steinbukk og arbeidet med å kila stein vekte stor åtgaum hos publikum.

Jæren Museumsråd

Jæren museumsråd hadde årsmøte 8. april på Sivdamsenteret, Bryne. Time kommune var vertskap for møtet.

Jone Vadla blei attvald som styreleiar og Roald G. Bergsaker som nestleiar.

Liv Todnem blei vald til ny rådsordførar og Karin Røyseland Jordal som varaordførar.



Styret - til 14.12.1999

Jone Vadla, private medlemmer, styreleiar
Roald G. Bergsaker, Rogaland fylkeskommune,
nestleiar


Ole I Bore, Klepp

Karin Røyseland Jordal, Sandnes

Anfinn Lorentzen, Time

Eldar Odland, Hå

Einar Jan Ronæs, Sola



Det var kjekt å kila stein på "Gladmatfestivalen" i Stavanger.

Olav Sande, Randaberg
Liv Todnem, Gjesdal
Einar Lea, private medlemmer
Knut Austad, representant for dei tilsette

Varamedlemmer:

Lars L. Salte, private medlemmer
Ruth Thu, Rogaland fylkeskommune
Helge Braut, Klepp
Svein T. Berge, Sandnes
Turid Barvik, Time
Rasmus Pollestad, Hå
Målfrid Røyneberg, Sola
Kari Austenå, Randaberg
Endre O. Haus, Gjesdal
Sven Åsland, private medlemmer
(frå årsmøtet 8.04.)

Dei gamle styremedlemmene blei takka på styremøtet
14.desember.

Nytt styre frå 14.12.1999:

Jone Vadla, private medlemmer, styreleiar
Roald G. Bergsaker, Rogaland fylkeskommune,
nestleiar
Tor Audun Bilstad, Klepp
Kåre Hauge, Sandnes
Solveig Horne Kolnes, Sola
Einar Lea, private medlemmer
Gunnar Siqveland, Hå
Liv Todnem, Gjesdal
Tom Tvedt, Randaberg
Arnfinn Vigrestad, Time
Inger Smidt Olsen, representant for dei tilsette

Varamedlemmer:

Lars L. Salte, private medlemmer
Eldar Odland, Rogaland fylkeskommune
Sivert Skår, Klepp
Astrid Ulvatne, Sandnes
Gitle Byberg, Sola
Sven Åsland, private medlemmer
Kjellaug Ånestad Varhaug, Hå
Terje Larsen, Gjesdal
Leif Egil Torkelsen, Randaberg
Marit Egaas, Time
Björg Sandve, representant for dei tilsette

Styret har i meldingsåret hatt seks styremøte og behandla
34 saker. Dei viktigaste spørsmåla har vore saker i sam-
band med vidare utbygging og finansiering av 2. byg-
gesteg, etableringa av vitensenter, økonomi og budsjett-
saker.

Personalet

I 1999 har Jærmuseet hatt følgjande stillingar:

Faste stillingar:

Målfrid Snørteland, styrar/konservator, 1/1 stilling
Målfrid Grimstvedt, konservator/nestleiar, 1/1 stilling
Lars Ødemotland, gardsstyrar/formann, 1/1 stilling
Knut Austad, museumslektor, 1/1 stilling
Inger Smidt Olsen, konservator Flyhistorisk Museum
Sola, 1/1 stilling
Björg Sandve, formidlar/assistent 1/1 stilling

Andre engasjement:

Else Milde Berge, 70 %, kontor
Ingvor Varhaug, reinhald, 20 %
Torbjørn Hertel-Aas, ekstrahjelp, (1. halvår)

Diverse tiltak:

Oddvar S.E. Lode, 100%, gardsarbeid/div. vedlikehald
Vibeke Sørskog, onsdagar, servering pensjonistane, div.
kopiering m.m.

Sivilarbeidarar:

Odd Kjetil Liland, til 20.07, formidling, div. førefal-
lande arbeidsoppgåver.

Timeengasjement, ekstra faghjelp, restaurering,
vakt, servering, avløyssarar, 4H-gardsvertar, ferievikarar:
Svein Høyland, Jon Obrestad, Sverre Skjæveland,
Sverre S. Undheim, Helene Østby Larsen, Frode Østby
Larsen, Sigrun Ødemotland, Hege Tjøtta, Gjertrud Elise
Håland, Siri Lode, Rannveig Nærland, Solveig Søyland,
Møyfrid Østby Larsen, Lars Ole Grimstvedt, Siri Tørre-
sen, Rannveig Tunheim, Otto Stokkeland, Bjørg Njå,
Anne K. Eidhammer, Anne Lise Larsen, Egil Tunheim,
Odd Kjetil Liland, Marianne Reime, Anita Våland, Per
Kvia.

Frivilljuge vakter i heimehuset:

Arnulv Brekke, Inger og Alv Zachariassen, Ånund
Søyland, Åsa og Tor Høiland, Martin Torvund, Gunn-
laug Høyland, Joakim Anda, Anne Lise Østby Larsen,
Ruth Veland.

Tilsaman hadde Jærmuseet 10,8 årsverk i 1999. I til-
legg kjem omlag 0,2 frivilljuge årsverk.

Økonomi og administrasjon

Driftsbudsjettet for Jærmuseet i 1999 var på vel 5 mill.
kroner. Det faste offentlege tilskotet utgjorde kr.
2,998.000,- (eller ca. 60 %) mot kr. 2,853.000,- i 1998.

Samla lønsutgifter inkludert sosiale kostnader,
utgjorde ca 2,9 mill. Storparten av dei offentlege tilskota

går såleis med til å dekkja arbeidskostnadene. Eigeninn-
tektene (sjå nedanfor) var dette året vel 1,1 mill. og såleis
ein del mindre enn fjoråret. Dette skuldast m.a. færre
sommarbeisøskande, mindre gruppeservering og mindre
oppdragsinntekter. Prosjektmidlane har lege på omlag
same nivå som i 1998, men Hå kommune reduserte avta-
len vedr. PU-aktivitetar med 100.000 kroner. Diverre
fell både denne avtalen og avtalen med Samarbeidsrådet
bort i 2000. Museet har heller ikkje lovnader på nye pro-
sjektmidlar, slik at den økonomiske situasjonen for
kommande år blir svært vanskeleg. Dette viser at drifta
dei siste 3 - 4 åra eigentleg har vore underfinansiert, men
museumet har i stor grad "overlevd" på prosjektmidlar og
særlege avtalar. Når Jærmuseet nå skal til å bygga opp
eigne basisutstillingar, vil ein ikkje samtidig ha kapasitet
til å driva med andre prosjekt.

Diverse gratisytingar.

Hå kommune dekkjer ein del kostnader som ikkje kjem
fram i museumet sin rekneskap ved at kommunekassen
fører rekneskapen og betalar ut lønna. Dette er til svært
stor hjelp for oss. Museet må sjølv stå føre kontorføring
av løn, andre utgifter og inntekter, kassaoppgjer, fakturering etc.

Arbeidet med 2. byggested

Utstillings- og magasinbygget

Arbeidet med utstillings- og magasinbygget har også
kravd mykje tid dette året. Dette gjeld både finansiering
og utforming av utstillingskonsept. I desember 1999
starta grave- og betongarbeida. Sjølv om bygget ennå
ikkje er fullfinansiert, har museumet nå tilsagn om 13,2
mill fordelt på følgjande tilskotsparter:

Oversyn over fordelinga av ulike inntekter

	1999 kr.	%	1998 kr.	%
Fylkeskommune/stat	2,009.000	38	1,940.000	37
Eigarkommunane	989.000	19	913.000	17
Særlege avtalar /prosjekt*	804.000	15	789.000	15
Eigeninntekter * *	1,135.000	22	1,452.500	28
Renteinntekter	320.000	6	153.500	3
Samla inntekt	5,249.000			

*Omfattar PU, private og offentlege øymerka tilskot, ulike prosjektfusjonar og bruk av overførte prosjektløyvingar.

**Inkludert i eigeninntektene er oppdrag, sal av bøker, annonseinntekter, driftsinntekter på Kvia, medlemspengar, billettinntekter og andre arrangementsinntekter, servering, kafe, utleige og div. suvenirsal.

Kommunane på Jæren : 5,2 mill. kr.
Rogaland fylkeskommune : 5,0 mill. kr.
Norsk Kulturråd : 3,0 mill. kr

Det var særleg gledeleg at Norsk Kulturråd hausten 1999 vedtok å yta ein mill. ekstra til prosjektet, i tillegg til dei to mill. dei har løyvd tidlegare. Det må skaffast yttarlegare 2 - 3 mill. kroner for å fullføra innvendige arbeider.

Utforminga av eit vitensenter-konsept knyta til 2. byggesteg har vore svært avgjerande for den vidare utviklinga av Jærmuseet. At Jærmuseet kom med i stortingsmeldinga som eitt av dei prioriterte prosjekta frå Kulturdepartementet gir oss ein utveg til å realisera desse planane. Utstillingane vil ta utgangspunkt i emne knyta til teknologiutvikling innanfor jordbruk og lokal industri, mekanikk, maskinar, kulturlandskap, naturfag, energi, husdyr, matproduksjon m.m.

Deltakinga i det nasjonale vitensenter-nettverket har

og vore svært lærerik og inspirerende.

Øvrege deltakarar i nettverket er Teknoteket i Oslo, Vitensenteret i Trondheim, Universitetet i Tromsø/ Nordlysplanetarieret og Polaria i Tromsø og ei prosjektgruppe for eit vitensenter i Bergen med utgangspunkt i Christian Michelsen Research. Seinare har også Akvariet komme med i nettverket.

I løpet av hausten 1999 har ei vidare utvikling av planane for Tungenes Fyr blitt kopla saman med utviklinga av vitensenter på Jæren. Her vil navigasjon i fortid og framtid vera hovudtema. På sikt kan ein tenka seg at fleire av dei teknisk orienterte lokalmusea på Jæren kan utgjera byggsteinar i "Vitensenteret på Jæren".



Målfrid Snørteland tek fyrste spadetak til 2. byggetrinn på Kvia i slutten av november 1999.

Prosjekta i Oslo, Bergen, Trondheim og Tromsø har nære band til universiteta. For Jærmuseet vil det vera viktig å knyta kontaktar med forskningsmiljøa i Stavanger/Jæren, og utvikla vårt prosjekt i samarbeid med ulike fagmiljø.

Jærmuseet - Kvia 4H-gard

Drifta på garden har også dette året tatt sikte på å visa eit allsidig husdyrhald og ulike plantekulturar med utgangspunkt i 1950-talet. Ein har i hovudsak følgd same driftsopplegg som tidlegare år.

Husdyra

Kyrne:

Pr.31.12. 1999 hadde museet følgjande besetning:

03 Plomrei, slakta jan. 2000, utan kalv

09 Fagrei, kalva 24.01.-99, kosse nr. 21

17 Silkrei d.y., slakta 28.01.-99

19 Kvige, kalva jan./febr. 2000

21 Kossekalv etter Fagrei, f. 24.01.-99

20 Kvirei (nr.2), kalva 24.12.-99, kosse nr.22

22 Kossekalv etter Kvirei, f. 24.12.-99

I samband med juleopplegget i desember fekk Jærmuseet låna ei ku av Ole Terje Obrestad.

Grisar:

Museet har hatt ei sugge. Denne har hatt to kull, begge med 15 levande ungar.

Gjess/ Høns.

Framleis 4 gjess. Reira til gjessene truleg raserte av grevling.

Jærhønsa har blitt supplerte i løpet av året.

Hestar.

Jærmuseet har tre hestar: Sandrina, Veslemøy og Gråmøy. Veslemøy fekk føl (hingst) 19.05. Dette blei

seld hausten 1999.

Sauer.

Jon Obrestad har framleis nokre sauer på Kviagarden.

Åker og eng

"Trikanten" : korn

"Vestre Vodlen" : korn


"Vodlen": poteter

"Tingsteinsvodlen" : høy

"Bekkejavodlen" blei som før nytta til beite for kyr og kalvar. Hestane beita òg i Hanabergmarka.

Jordbruksinntektene, d.v.s. sal av grønnsaker, husdyr og produksjonstilskot, er vel 10.000 kroner mindre enn i fjor. Bortimot halvparten av dette skuldast nedgang i produksjonstilskotet

Elles er me svært glade for at Jærmuseet framleis får behalda Oddvar Lode på Kviagarden. Han tar seg av det daglege stellet i vekene og gjer elles førefallande arbeid.



I mai fekk me eit nytt føll.

Til stell i helgar og høgtider har museet nytta time-engasjerte avløyssarar.

Me vil retta ei hjarteleg takk til **Samarbeidsutvalet for landbruksorganisasjonane** som også dette året har gitt kr. 50.000,- i driftsstøtte til Jærmuseet-Kvia 4H gard. Takka vera denne løyvinga har museet kunna engasjera meir ekstrahjelp på garden og til formidlinga her.

Driftsstøtta frå samarbeidsrådet er ein tre-årig avtale som diverre opphøyrer ved årsskiftet. Det økonomiske grunnlaget for museums- og 4H-garden er såleis svært usikkert i kommande år.

Aktivitetsdagar og utoverretta verksemd

Jærmuseet hadde ope for publikum frå 28.februar til 21. november. I perioden 14.06 - 14.08 hadde me også laurdagsope og utvida opningtid til kl. 17.00 på vanlege kvardagar. Museet er ope for grupper heile året.

I 1999 hadde Jærmuseet ei vandreutstilling og tre eigenproduserte utstillingar. Museet skipa til 12 aktivitetssundagar og 3 andre arrangement.

Utstillingar:

28.02 – 24.05: "Bondens Guld"

Svensk vandreutstilling om veving med halm. Det var Emilie Kramer og Jæren Husflidslag som oppmoda Jærmuseet til å få utstillinga til Jæren.

30.05 – 29.08: "Gyllenlær" v/ Liv Søyland

Gyllenlærarbeid er eit eksklusivt handverk, og Liv Søyland frå Time er ein av dei få utøvarane her i landet som meistrar dette skikkeleg.


"Frå kniv til høykanon". Utstillinga kom i stand som ei vidareføring av den artikkelen Tønnes og Herborg Kverneland skreiv i museet si årbok i 1998. Tønnes Kverneland har tatt vare på gjenstandar frå faren si pio-


nertid som industrigründer. Det var også Tønnes som planla utstillinga og produserte ho i samarbeid med museet. Utstillinga presenterte TKS - Trygve Kverneland og Sønner - som døme på korleis ei jærsk reiskapsbedrift tok steget frå smie til moderne industriproduksjon.

05.09 - 21.11: "Metta - meir enn mat". Om matradisjonar før og nå" var ei vidareføring av matprosjektet. Utstillinga blei støtta med 75.000 kroner av fylkesmannen si landbruksavdeling. Det blei og skipa til fleire aktivitetsdagar i samband med utstillinga. Når de galdt ideutvikling og utstillingskonsept samarbeidde Jærmuseet med Musea i Nord-Østerdalen som laga ei tilsvarende utstilling. Kunstnaren Tone Hellerud frå Kongsvinger hadde ansvaret for designen. Dette var eit konstruktivt samarbeid som begge musea hadde utbytte av.

Aktivitetsdagar og opne arrangement 1999:

28.02: Opning av utstillinga "Bondens Guld".





Frå utstillinga "Bondens guld".

Aktivitetar med veving av halm

14.03: "Utdrag frå Science Circus"

Mobilt planetarium og laging av soft-is v/
Ivar Reed Nakken

21.03: Aktivitetsdag med Jæren Husflidslag, arbeider
i halm

28.03: Påskeaktivitetar

18.04: "Den gamle garden" - m.a. bruken av halm i
det gamle bondesamfunnet

05.05: Friluftsdag for psykisk utviklingshemma

30.05: Opning av nye utstillingar - demonstrasjonar
av gyllenlærarbeid v/Liv Søyland

06.06: 4H – dag + demonstrasjonar av gyllenlærar-
beid v/Liv Søyland

13.06: "Teknikken dag" - arrangert med stor innsats
frå mange teknisk interesserte kyndige med-
hjelparar.

27.06: "Slåttadag"

05.09: Opning av utstillinga "Metta - meir enn mat"
v/fylkesjordsjef Joar Oltedal
Gardsmatmarknad

17.09: "Itte stedetid", basar i samarbeid med Jæren
Potetfestival

27.10: "Mat og livskvalitet" føredrag v/Ingvald Erga.
Ope møte i lag med Nærbø bondekvinnelag

07.11: "Lag din eigen julemat": laging av pinnekjøtt,
rullepølse, persesylte v/Dagmund Bernssen

28.11: "Juletradisjonar og jærsk julemat" – "gam-
maldags" havregrynsgraut, smalaføter og
mølja. Samarbeid med Jonas Hegelstad,
"Fladene Håve og Føde".

Elles vil me retta ei hjarteleg takk til dei spreke pen-
sjonistane frå Nærbø Sanitetsforening som er "vertar"
i heimehuset på sundagane - og alle som har hjelpt oss
i året som gjekk!

Sommartilbodet.

Frå siste veka i juni til byrjinga av august hadde me også
dette året særskilde dagsprogram med "bondekona på

Kvia" i hovudrolla. Aktivitetane tok stort sett utgangspunkt i gardsarbeid eller matlaging. Sommarbesøket var betydeleg mindre dette året enn i fjor. 1618 registrerte besøkande i juli månad mot 2381 i juli 1998. Kanskje var veret for fint?

Skular og barnehagar

Jærmuseet si formidling har skuleelevar som si hovudmålgruppe. Oppstillinga nedanfor viser fordelinga av ulike grupper og alderssteg. Det har vore ei utvikling mot færre, men større grupper, slik at det samla elevtalet har gått opp.

	1999	1998
Barnehagar :	65	73
Barneskular og ferieklubbar:	150	154
Undomsskular:	11	20
Vidaregåande skular:	23	16
Høgskule/studentar:	2	9

Tilsaman 251 skulegrupper i 1999, i 1998 var talet 272. I 1999 var elevtalet 5632, mot 5438 elevar i 1998.

Dei fleste skular og barnehagar er med på aktivitetssopplegget "Læra ved å gjera" knyta til Jærmuseet-Kvia 4H gard. Dette inneber eit 3-timar undervisningsopplegg.



Olav Mæland køyrer hest på Potetfestivalen, Bryne.



Elevar frå Ryggjabø vidaregåande skule smakar på flatbrødet dei laga i Kviahuset.

Elevar i 3.- og 4. klasse frå Bø og Motland skule på Nærbø har som tidlegare år følgt undervisningsopplegget "Læra med å gjera", i alt har dei vore her 42 gonger. I tillegg var "uteskulen", klasse 5-7, frå Bø skule her 6 gonger på vinter- og vårparten.

For elevar frå andre kommunar, med større reisekostnader, blir det stort sette 1 – 2 besøk pr. år.

I periodar av året, særleg om våren, er etterspurnaden blant skulegrupper så stor at museet ikkje kan ta i mot alle. Og fleire skulegrupper som ikkje får plass på føremiddagen takkar nei til å komma på ettermiddagen, det passar ikkje med skuledagen.

Utstillinga "Metta meir enn mat - om mattradisjonar før og nå", nytta mange vidaregåande skular seg av. Elevane fekk ei omvisning i sjølve utstillinga. I tillegg var dei med på ulike aktivitetar kring matlaging og mattradisjonar. Det synta seg at utstillinga passa godt inn i skuleplanen for vidaregåande opplæring.

"Julenisseopplegget" før jul trekker framleis mange grupper, sjølv om det også andre stader vert tilbydd liknande opplegg. I år var det 41 skular/barnehagar som var med på tilstellinga. Hjarteleg takk til Tore Pollestad som dette året steppa inn som "nisse-vikar" !

Personalressursar som er disponert til undervisning er ei lektorstilling, delar av assistent-/formidlarstillinga og ekstern timehjelp til ein del praktiske arbeidsoppgåver. 1. halvår 1999 disponerte museet dessutan ein sivilarbeidar som i stor grad blei brukt til formidlingsarbeidet. Også noko konservatorressursar er nytta til undervisning i samband med matutstillinga.

"Prosjekt L-97 og musea"

Prosjektet L-97 og musea som vart starta i 1998 vart avslutta våren -99. Det var "uteskulen" på Bø skule som

deltok, og siste året var dei her 6 gonger. Undervisningsopplegget har som målsetting å følgja prosessen med å tilbakeføre lyngen i delar av Hanabergmarka. På seinvinteren i år var elevane med på å fjerna gammel vegetasjon frå delar av prøveområde. Seinare var dei også med på å ta jordprøvar og artsbestemma vegetasjonen.

Prosjektet i seg sjølv er avslutta, det enda opp med ein samanfatta rapport frå alle rogalandsprosjekta. Jærmuseet ønskjer å føra prosjektet vidare, men då vert det nok med litt andre tilpassingar.

Grupper, servering og utleige.

Servering av grupper og utleige har minka i 1999-omlag same nivå som i 1997. Dette er ein aktivitet som varierer mykje frå år til år, og som er vanskeleg å berekna. Inntektene av utleige er derimot litt høgre enn i fjor.


Totalt besøk.

Medrekna enkeltbesøk, skular, barnehagar og ulike andre grupper registrerte Jærmuseet dette året 20.752 mot 22.800 besøkande i 1998. Totalt har Jærmuseet registrert 449 gruppebesøk i 1999.




Elevar brukar honningløysar, etterpå skal honninga slyngast.

Besøk på Jærmuseet i 1999 20 752



Talet på grupper pr. måned i 1999



Tilbod til psykisk utviklingshemma

Psykisk utviklingshemma i Hå kommune har nytta Jærmuseet og Kviagarden 2 - 3 dagar i veka.

Avtalen med helse- og sosialetaten blei noko redusert i 1999. Diverre opphøyrer denne aktiviteten heilt frå år 2000, noko som i stor grad bidreg til å forsterka dei økonomiske problema for museet kommande år.

I samarbeid med Hå kommune blei det 5.mai skipa til ein friluftsdag for psykisk utviklingshemma med heile 250 deltakarar frå heile regionen.

"Sjå Jæren".

"Sjå Jæren" 1999 var ei temabok om mattradisjonar. Boka var på 190 sider, vart trykt i 1000 eksemplar og kom ut i byrjinga av desember. Redaksjonen bestod av Målfrid Grimstvedt og Målfrid Snørteland.

Jærmuseet laga saman med fleire andre aktørar frå Hå og Time ei eiga jærmarkering under Gladmatfestivalen 29.07 - 1.08 i Stavanger. Ikkje minst vekte steinbukken og arbeidet med kiling av stein stor åtgåum hos publikum.

Forskning og dokumentasjonsprosjekt

Museet har gjennom fleire år drive dokumentasjon og forskning på landbrukssamfunnet i etterkrigstida. M.a. "Teknologisk endring og produktutvikling" (basert på intervju med folk frå reiskapsindustrien), "Plast i jordbruket", intervjuaksjonar om mekanisering og konegengar. Denne forskinga er bl.a. viktig for å førebu innsamling av gjenstandsmateriale frå etterkrigstida.

Ein delrapport frå prosjektet "Teknologisk endring og produktutvikling" blei gjort ferdig dette året. ("Reiskapar for jordbearbeiding. Katalog over dei viktigaste heste- og traktorreiskapane") Me bearbeidde

også rapporten for å leggja han ut på heimesida vår på Internett. Det arbeidet er ikkje fullført.

Forskningsprosjekt "Plast i jordbruket" som er delprosjekt i eit nasjonalt forskningsprosjekt "Plasten i det moderne Norge" blei avslutta dette året. Konservator Målfrid Grimstvedt har ansvaret frå Jærmuseet. Ho har dette året delteke i prosjektsamlingar, m.a. på Jærmuseet, og har skrive ferdig artikkelen "Plastgjenstandar. Ei kartlegging av plastens veg inn i jordbruket. Artikkelen vil bli publisert i "Volund" – årboka til Norsk Teknisk Museum. Direktør Gunnar Nerheim ved dette museet er prosjektleiar for det nasjonale forskningsprosjektet.

Torbjørn Hertel-Aas intervjuar ei lang rad kvinner om dei spesielle konegengane som var eit karakteristisk innslag i arbeidslivet på jærgardane i mange ti-år.

Jærmuseet har i fleire år arbeidd med å dokumentera jærskje mattradisjonar. Målfrid Snørteland har hatt hovudansvaret for dette prosjektet som blei fullført i 1999. Materialet blei m.a. presentert i ein lengre artikkel i "Sjå Jæren" 1999 og i utstillinga "Metta – meir enn mat".

I samband med matprosjektet blei det i 11. mai skipa til eit "kånekurs" for kokkelaug i Stavanger. Astrid Bjerkreim, Olaug Varhaug, Solveig Søyland, Valborg Gudmestad, Hege Tjøtta og Dagmund Bernssen laga gode og solide tradisjonsrettar for medlemmer av kokkelaug.

Museet legg til rette for studentar og forskarar som vil nytta museet sitt materiale. I 1999 nytta ein hovudfagsstudent i historie og ein doktorgradsstipendiat i geografi museet som arbeidsplass i samband med feltarbeid. Museet arrangerte to interne fagsamlingar i tilknytning til pågåande forskningsprosjekt.

Anna


Våren 1999 vart museet oppfordra av Den amerikanske ambassaden om å søka på stipend til "International partnerships among museums". Dette er eit utvekslingsprogram der museumstilsette får høve til å vera ved eit museum i USA i ein månad, samt å ta imot ein representant frå USA på tilsvarande vilkår. Tida skal nyttast til å utvikla eit samarbeidsprosjekt mellom dei to involverte musea. Jærmuseet søkte og gjekk vidare til fase to i utveljinga. Hausten 1999 fekk me kontakt med eit regionmuseum i North Carolina som ønskte å samarbeida med oss og vårt prosjekt. Det blei oppretta kontakt mellom Målfrid Grimstvedt og konservator Cheryl A. Bernard ved Gaston County Museum. Dei laga den endelege søknaden saman. Fellesprosjektet var å utvikla ein modell og det faglege innhaldet i ein interaktivt dataapplikasjon som vil gje publikum tilgang til dokumentasjonsmaterialet frå tekstilindustrien i dei to regionane. Programmet skal vera tilgjengeleg både på museet og via Internett. Gaston County ligg i hjarte av den amerikanske bomullsindustrien. Ei samanlikning mellom samfunna knytta til ull på Jæren og bomull i Sørstatane vil vera ein spanande innfallsvinkel og kunna gje nye perspektiv på eiga historie.

Dessverre vann ikkje søknaden fram i siste omgang. Men det blir kan hende mogeleg å ta han opp sidan. I mellomtida har Den amerikanske ambassaden gitt Jærmuseet eit økonomisk bidrag slik at me kan begynna arbeidet.

Lager, tilvekst og samlingar

Innsamling.

Museet har også dette året måtta takka nei til mange tilbod, men me set stor pris på at folk kontaktar oss.



Dokumentasjon av arbeidet på Svanedal Ullvarefabrikk.

- Me har tatt imot nokre gjenstandar i samband med aktuelle arbeidsoppgåver. Det gjeld t.d. Erlands åkersprøyte for traktor med plasttank, syrekanner i plast og nokre T-skjortar til samlinga vår.
- Frå Norsk Teknisk Museum, Oslo overtok me tre traktorar; Indiana, Fordson frå 1919 og 1925, to landbruksmotorar og nokre mindre gjenstandar.
- Svanedal Ullvarefabrikk fusjonerte med Sandnes Ullvare i 1999. Svanedal la då ned produksjonen i Oltedal. I samband med dette fekk Jærmuseet overta bedriftsarkivet til Svanedal Ullvarefabrikk as for perioden 1908 - 1990-talet. Me har også fått arkiv frå Varhaug Fealslag, Varhaug Mølle og Varhaug Lutelag. Det har også kome inn tilvekst til bedriftsarkivet til Kverneland-Underhaug og Kyllingstad Plogfabrikk as.
- Faglitteraturen frå landbruket har også auka i biblioteket vårt, men ikkje så mykje som i dei to føregåande åra.

Takk til følgjande gjevarar:

Kverneland-Underhaugasa v/Einar Lea; Einar K. Time; Fylkesmannens landbruksavdeling v/Geir Helge Rygg; Nils Njærheim, Hå; Kjellaug Bergene, Klepp; Norske Potetindustrier - Jæren, Klepp; Tobias Gudmestad, Hå; Oddbjørn Reime, Sola; Marta Bø, Hå; Herborg Kverneland, Time; Inger Storhaug, Klepp; Mildrid Undheim, Time; Tore Pollestad, Hå; Svere S. Undheim, Time; Jofrid Alsvik, Sandnes; Arne Kydland, Hå; Bjørg Njå, Time; Jon O. Obrestad, Hå; Halvdan Krohn, Sandnes; Andreas Årsvoll, Sandnes; Helge Nygård, Stavanger; Trond Grødem, Time; Erik Hobberstad, Hå; Rasmus Madla, Stavanger; Torunn Bell, Sandnes; Endre Oseland, Stavanger; Andreas Bjorland, Hå; Joakim Leas dødsbu, Sola; Sigurd Tore Anda, Klepp.

Restaurering og vedlikehald.

Saknet av fast handverkar er sterkt. Restaureringsarbeidet i verkstaden på Kvia har vore konsentrert om Allis-Chalmers slepetrøskjar. Til dette arbeidet har me ei ekstraløyving og har kunna engasjera Sverre S. Undheim i tillegg til egne folk.

Teknisk konservator v/SKR (Senter for konserveringssamarbeid i Rogaland), ei stilling som Jærmuseet skal kunna nytta 20 % av, har restaurert ein hesteplog og har laga rapport over magasintilhøva på museet.

Sverre Skjæveland utfører framleis spesialoppdrag for Jærmuseet. Han har fortsett noko på arbeidet med Herkules-traktoren. Elles er det utstyr til smia på Kvia som han har arbeidd mest med. Han har laga ferdig sinkeomn, herdeomn og ei dobbel esse. Nå gjenstår elektrisk utstyr, montering og bygging av pipe før smia kan takast i bruk.

Registrering.

Arbeidet med å ordna og registra samlingane er avhengig av tilgang på ekstrahjelp. I januar fortsette me arbeidet med klessamlinga. Sivilarbeidaren vår EDB-registrerte i januar vel 500 nummer. Sidan tilveksten av gjenstandar er begrensa, har likevel restansane på EDB-registreringa av gjenstandar minka. Sivilarbeidar og prosjektmedarbeidar registrerte og ordna den store bok- og tidskriftsamlinga frå landbruket som me fekk året før. Såleis har samlinga av periodika auka med 124 nummer, noko som stort sett også er EDB-registrert. Det gjer at me har oversyn og kan supplera når me får tilbod om enkle nummer av periodika.

Me har også gjort ein ekstra innsats for å rydda i boksamlinga. Bibliotekstudent Rannveig Tunheim arbeidde eitt månadsverk med å gjennomgå klassifisering og EDB-registreringa av boksamlinga. Her var det mykje feil å retta opp. Ho fekk rydda i omlag 1/3 av boksamlinga.

Det me ikkje har makta å følgja opp dette året er registrering av fotosamlinga. Tilveksten av foto blir nummerert og lagt i arkivet, men EDB-registreringa har vore minimal dette året.

Me har fått åtte nye nummer i privatarkivsamlinga. Av desse er fire meir omfattande arkiv som krev ordning. Alle desse er grovordna. Det vil seia at dei er lagt over i arkivboksar og det er skrive innhaldslistar. Dette er utført av konservatoren. Arkivet frå Svanedal er på omlag 70 hyllemeter, noko som me ikkje har plass til i arkivet. Det er derfor pakka i kassar inntil vidare.

Jærmuseet sine samlingar pr. 31.12.1999

Samlingar			av dette er EDB-registrert		
	tilv -99	totalt	i 1998	totalt	restansar
Samlingar	44	553	3	325	228
Gjenstander	145	5.528**	539	3.477	2.051
Eigne foto	2.355	22.124	470	10.094	12.030
Fotografi i samlingar	ca.1.500	ca 36.500	16	1.398	35.102
Privatarkiv saml.	8	41	16	37	4
Produktkatalogar	ca 100	ca 7.000	22	2100	ca.5.000
Avisutklipp				2.813	
Lydband	16	252	11	261	0
Video/film	16	ca.330	0	71	240
Teikningar	0	144	0	171	0
Eige bibliotek	ca.350	3.960	184	3.599	361
Periodika	124	874*	121	861	13

** Dette talet byggjer på anslagsvis oversyn over større reiskapar og maskinar

* Samlinga av periodika utgjer omlag 70 hyllemeter, og boksamlinga utgjer omlag 50 hyllemeter.

Som det går fram av dette oversynet har museet særleg store restansar m.o.t. katalogisering av foto og reiskapskatalogar. Ein betydeleg del av gjenstandssamlinga er heller ikkje EDB-registrert og katalogisert. Men her ligg me noko betre an enn i fjor.

Seminar, møter, orienteringar, representasjon, styre/utval:

Seminar/samlingar på Jærmuseet:

25. februar: Fagleg samling på Jærmuseet: Målfrid Grimstvedt presenterte Plastprosjektet

24. mars: Fagleg samling på Jærmuseet: Gunhid Setten, Geografisk Institutt, NTNU, presenterte sitt prosjekt om jærbønder og naturen.

7. april: Førstehjelpskurs for tilsette og vaktene.

11. mai: "Slik skal det gjerast". Demonstrasjon av tradisjonsmat for kokkelaug i Stavanger samarbeid med "Gardmat i Rogaland" v/Marit Størseth

27. august: samling i Vitensenternettverket. Praktiske oppgaver: m.a. kiling av stein

22. september: Aktiv bruk av museer og lokalmiljøet i samfunnsfagundervisninga (for lærarar i Time)

9.-11 november: "Landbruksmiljøet, ei kilde til oppleveling, medverknad og læring." Seminar i samarbeid med FMLA

Museet sine tilsette har delteke på følgjande tilskippingar, møte etc:

Målfrid Snørteland har delteke/representert Jærmuseet på følgjande arrangement: 28.01. -30.01: Etnologseminaret, Voss, 1.02: møte i Vitensenternettverket, Oslo, 9.02: Omvising på Jærmuseet for vakter frå Randaberg, 16.02: møte i Bergen, førebuing av utstillinga "Metta ...meir enn mat"; 19.02: årsmøte i SKR (senter for konserveringssamarbeid i Rogaland), AmS, 23.02; NOKU-konferanse om tusenårsprosjekt, Sola strandhotell, 11.03 møte i Vitensenternettverket, Trondheim; 14.04: møte med finmekanikkgruppa i HTM-klubben, orientering om planar om vitensenter, Jærmuseet, 21.04: Rogaland Museumsråd, Hauge-sund, 23.04: Møte med fleire landbruksmuseer om felleskatalog over jordbruksreiskapar, Norsk Folkemuseum, 5.05: Stiftingsmøte Hå reiselivsforum, Kvalbein, 11.05: "kånekurs" for kokkar, Jærmuseet, 18.05: møte med bondelaga i Hå, Jærmuseet, 20.05: omvising på Jæren og på Jærmuseet for nord-irske museumskollegaer, 31.05 møte i Vitensenternettverket, Bergen 6.06 - 9.06: landsmøte Norges Museumsforbund, Lillehammer, 13.- 14.08: studietur til Tom Tits Experiment og Teknorama, Stockholm, 31.08: orientering og middag på Jærmuseet for kurs i "Grøn omsorg" arrangert av FMLA, 13.09: opning av Norsk Telemuseum si utstilling i Nærlandstunet, 23.09: omvising/orientering om Jærmuseet for besøk frå den amerikanske ambassade, 12.10: orientering om Jærmuseet for delegasjon frå Bremanger kommune, 21.-23.10: studietur til Teknikkens Hus, Luleå,

1.11: orientering om Jærmuseet for kollegaer frå Agder naturmuseum, 4.11: Rogaland Museumsråd, Stavanger, 8.11: Norsk Museumsutvikling sin jubileumskonferanse, Oslo, 11.11 møte om museums-samarbeid i Sandnes; 7.12: møte i Vitensenternettverket, Tromsø, 10.12: seminar om stiftingar, Deloitte & Touche, Forus, 15.12: møte med kultursjefane, Jærmuseet.

Målfrid Snørteland er styremedlem/medlem i følgjande styre/utval: styret i Norges Museumsforbund, NMU sitt IT-utval, styringsgruppa for L-97 prosjektet, juryen for byggeskikkprisen i Gjesdal.

Målfrid Grimstvedt har deltatt/representert Jærmuseet på følgjande arrangement: 11.01, 18.01, 25.01 undervisning i lokalhistorie for dei tilsette i barnehagane i Sola kommune; 04.02 føredrag om ull på Jæren og i Dalane; 16.02 møte i Bergen: førebu utstillinga "Metta ..."; 9.03 møte i "Fotobevaringsnettverket i Rogaland"; 11.03 møte i Vitensentergruppa, Trondheim; 16 - 17.03 seminar Plastprosjektet, Oslo; 18.03 møte med Gjesdal kommune og Svanedal as om videodokumentasjon; 24.03 føredrag om mølleindustrien i Rogaland for vaktene på Fotland Bygdemølle, Time; 25.03 arbeidsmøte for medisinske museer i Norge, Stavanger; 23.04 møte med norske landbruksmuseer, Oslo; 6.06 pressekonferanse Norsk Landbruksforlag, Oslo; 21.05 seminar Plastprosjektet, Kvia; 31.05 møte i Vitensentergruppa, Bergen; 22.06 møte med Einar Refsnes om planar for Bryne Mølle; 13 - 14.08 studietur for vitensenter til Stockholm og Södertälje; 12.09 på post for Kulturminnedagen i Klepp; 16.09 seminar Plastprosjektet, Oslo; 23.09 møte med representantar for Den amerikanske ambassaden, Kvia; 15 - 16.10 Landbrukshistorisk

seminar, Bergen; 21 - 23.10 studietur for vitensenter til Luleå, Sverige; 4.11 foredrag om bunad og folke-drakt i Sandnes Mållag; 11.11 møte om museums-samarbeid i Sandnes; 22.11 seminar om samtidsdoku-mentasjon, Oslo.

Inger Smidt Olsen har deltatt/representert Jærmuseet på følgende arrangement: 28.-30.01.: Etnologseminar på Voss, 09.-11.04.: Bjørn Westmu-seet, Masfjorden i samband med lån av gjenstandar til utstilling FMS, 31.05.01.06.: Seminar om samtidsdo-kumentasjon, Norsk Oljemuseum, Stavanger, 07.-09.06.: landsmøte, Norges Museumsforbund, 20.06.: omvisning/orientering om FMS for irske museums-folk, 13.-14.08.: Studietur til vitensenter i Stockholm og Södertälje, 07.09: intervju i Sandefjord (for FMS), 02.11.: MIR-møte, Norsk Oljemuseum, Stavanger, 22.11.: seminar om samtidsdokumentasjon, Oslo

Knut Austad: 1.02: møte i Vitensenternettverket, Oslo, 11.03 møte i Vitensenternettverket, Trondheim, 12.11: Fortidsminneforeningen, avd. Rogaland og Stavanger byggmesterlag: Seminar om handverk og bygningsvern.

Bjørge Sandve: 5.-06.2: Årsmøte i Forum for nor-ske 4H gardar (FNG), 29.07 –1.08: Gladmatfesti-valen, 12.,13.,19. 10: Kurs "Stein – ein ressurs" (FMLA), 2.11: Årsmøte i MIR (museumsarbeidarar i Rogaland), Oljemuseet, 9.-11.11: "Landbruksmiljøet, ei kjelde til oppleving, medverknad og læring." 27.-29.11.: Studietur til Luleå og Södertälje. Bjørge Sandve er med i styret for Jæren Potetfestival.

Medlemmer og abonnentar

Jærmuseet hadde i 1999 190 medlemskap og 75 abon-nentar.

Arbeidet i kommunane

Sola

Sola skolekontor ønska å gi dei tilsette i alle barneha-gane i kommunen ei innføring i lokalhistorie. Målsettinga var å gi bakgrunn for å ta i bruk nærmiljøet og gjera ungane kjende med lokalkulturen. Målfrid Grimstvedt var med på tre mandagssamlingar slik at alle tilsette fekk same innføringa.

Flyhistorisk Museum

Våren 1999 brukte konservator mykje av tida på arbeid med utstillingane ved Flyhistorisk Museum. Flya har fått ny plassering i hangaren. Etterkvart blir utstillinga supplert med fleire gjenstandar, meir foto og tekstar. Mangel på arbeidskraft og –tid gjer at dette arbeidet vil strekkja seg over fleire år.

Registrering/katalogiseringsarbeid:

Edb-registrering av bøker, foto og gjenstandar har halde fram. I 1999 blei 88 bøker, 396 foto og 8 gjenstandar edb-registrerte. Til saman 26 aksjesjonar blei tilvekst-ført dette året. Totalt er 151 bøker, 655 foto og 8 gjen-standar EDB-registrert pr. 31.12.99. Førebels har edb-registreringa i hovudsak vore konsentrert om foto og bøker fordi det har vore eit ynskje både frå Norsk Luftfartsmuseum i Bodø og Jærmuseet/Flyhistorisk Museum Sola å drøfta problem knyta til gjenstandsre-gistreringa før ein starta for fullt. Kontakten om dette er etablert, og ein tek sikte på å koma i gang i år 2000.

Bevaring/sikring: Samarbeidet med Senter for konser-veringssamarbeid ved Eirik Aarebrot har halde fram. Klima i lagerrom blir kartlagt slik at ein får eit grunn-lag for å planleggja utbetringar. Arbeidet med å pakka



På Teknikkens dag viste "Riska Motorsykel" sine kunstar i trial-kjøring. Dei balanserte både over biltak og hustak.

uniformer/tekstilar i syrefri emballasje har også halde fram dette året. Eirik Aarebrot har halde kurs i metall-konservering for deltakarar frå Jærmuseet og Flyhistorisk Museum Sola.

Parallelt med registrerings- og katalogiseringsarbeid er nyare fotonegativ og originalopptak av video plassert i eldfast magasin på Jærmuseet.

Dokumentasjon: Intervjuarbeidet har halde fram. To intervju er tekne opp på band og skrive ut.

Formidling: Arbeidet med utstillinga i hangaren har vore det viktigaste innafor dette feltet. Flyhistorisk

Museum deltok dessutan med flymotorar på Teknikkens dag på Jærmuseet 13.06.

Hausten 1999 ble det og laga ei lita utstilling i monter på Quality Airport Hotel Sola. Konservator har også hatt ein del gruppeomvisningar på Flyhistorisk Museum i løpet av sesongen.

Randaberg

Sidan sommaren 1999 har Jærmuseet samarbeidd med Randaberg kommune/kultursjefen for å utvikla planar om nye utstillingar på Tungenes Fyr, baserte på vitensenter-konseptet. Det har vore skipa til fleire felles stu-

dieturar til ulike vitensenter i Sverige.

Hausten 1999 hjelpste Jærmuseet v/Inger Smidt Olsen til med ei utstilling i høve millenniumsmarkeringa i kommunen.

Sandnes

Målfrid Grimstvedt var med på nokre planleggingsmøter og drøftingar i samband med Sandnes kommune si satsing på Sandes 2000 - milleniumsmarkeringa. Ho arbeidde særleg med prosjektet Byhistorisk atlas, saman med Gro Persson Trodahl og Sverre Vagle. Arbeidet stoppa opp pga. manglande finansiering.

Sommaren 1999 kjøpte Sandnes kommune kvartalet Krossens Havremølle og Huset Vårt til framtidig bymuseumssenter. Bymuseet skal opnast i 2010. Hausten 1999 vart Jærmuseet beden om å vurdera riving av bustadhus i Oalsgata som er del av Krossens havremølle. Museet ba då om at ein starta planlegginga av museumssenteret, for å kunna vurdera framtidig utnytting av museumstomta. Det arbeidet ønskjer kommunen å stilla i bero til dess museumsstrukturen for Sandnes og museumssenteret er avklart. Jærmuseet ved Målfrid Snørteland er med i arbeidgruppa som frå hausten -99 arbeider med museumsstrukturen.

Time

Det har vore noko konsultasjon i samband med gjenstandsregistrering og anna museumsarbeid.

Gjesdal

I mars vedtok a/s Svanedal Ullvarefabrikk i Oltedal og Sandnes Ullvarefabrikk a/s, Sandnes, å fusjonera. Samsundens bestemte dei å leggja ned produksjonen i Oltedal og overføra maskinar og tilsette til anlegget på Foss-

Eikeland. Jærmuseet fekk då spørsmål frå Gjesdal kulturkontor om å laga ein videodokumentasjon av produksjonen i Oltedal før arbeidet blei lagt ned. 18. mars var Målfrid Grimstvedt på første møte med bedrifta og 22. mars starta opptaka. Då var flyttinga alt i gang. Det var såleis ikkje råd å førebu arbeidet serleg. Film & Foto Design ved Helge Hundeide stod for filminga. Det blei fire dagars opptak frå dei ulike avdelingane ved bedrifta. Videoprojektet blei finansiert av kommunen og bedrifta.

Det er viktig å sikra historia som ligg i 90 års bedriftsliv i Oltedal. Jærmuseet tilbød seg derfor å sikra bedriftsarkivet. Omlag 70 hyllemeter arkivmaterialet blei grovordna og flytta til Kvia. Sidan heile prosjektet på Svanedal var ei hastesak som måtte takast på sparket, har me førebels ikkje funne rom for vidare bearbeiding og tilrettelegging av materialet.

Klepp kommune

Målfrid Grimstvedt var med på kommunen si markering av Kulturminnedagen 1999, sundag 13. september. Ho stod på post på Klepp stasjon, parat til å fortelja om industrihistoria i området.

Museet har også vore engasjert på Haugabakka. Me rydda noko i den faste museumsutstillinga og la planar for ei temautstilling i år 2000.

Rekneskap 1999

	Rekneskap 1999	Noter	Rekneskap 1998
INNETEKTER			
Faste offentlege tilskot	2 998 000		2 853 000
Salsinntekter	331 457		447 554
Entreinntekter	372 622		403 537
Utleige	143 655		111 265
Boksal	42 996		75 256
Medlemskap/annonser	114 120		117 891
Jordbruksinntekt	84 568		95 815
Diverse inntekter	45 928		201 014
Særlege avtalar	250 000		350 000
Bruk av øymerka tilskot	429 327	1	392 140
Refusjonar	124 788		47 115
Sum driftsinntekter	4 937 461		5 094 587

DRIFTSKOSTNADER

Lønskostnader	2 384 217	3	2 276 186
Honorar	2 700		7 980
Sos. Kostnader	507 854		522 865
Innkjøp av varer for sal	240 190		288 093
Kjøp inventar og materiell	156 690		151 815
Vedlikehald bygg	144 511		247 243
Vedlikehald anlegg	104 941		71 138
Vedlikehald utstyr/samlingar	31 094		13 036
Andre prosjekt	660		47 133
Kontor og adm.kostnader	193 366		220 858
Straum og reinhald	155 458		150 860
Lagerleige	33 979		42 732
Avgifter/forsikring	69 048		59 808
Reiser/kurs/transport	179 776		164 948
Gardsdrift	95 252		116 942
Marknadsføring/utstilling	228 518		286 059
Publikasjonar/dokumentasjon	141 360		116 562
Andre driftskostnader	150 423		153 158

Sum driftskostnader	4 820 037		4 937 416
----------------------------	------------------	--	------------------

Driftsresultat	117 424		157 171
Renteinntekter	312 327		153 527


Årsresultat	429 751		310 698
--------------------	----------------	--	----------------

Overføringer:


Overført annan eigenkapital	429 751		310 698
-----------------------------	---------	--	---------



Jone Vadla
Styreleiar



Eldar Odland



Tor Audun Bilstad


Einar Lea


Kåre Hauge


Solveig H. Kolnes


Inger Smidt Olsen


Gunnar Sigveland

Balansekonto pr. 31.12.1999

	1999	Noter	1998
Anleggsmidlar			
Varige driftsmidlar:			
Bygningar	0	2	0
Kviagarden	0	2	0
Inventar/utstyr	0	2	0
EDB-utstyr	0	2	0
Samlingar	200 000	5	200 000
Sum varige driftsmidlar	200 000		200 000
Innskot Nærbo Handelslag	3 153		3 153
Eigenkapitalinnskot KLP	16 906		
Sum finansielle anleggsmidlar	20 059		3 153
Sum anleggsmidlar	220 059		203 153

Omløpsmidlar

Fordringar			
Kundefordringar	57 620		158 869
Andre kortsiktige fordringar	214 002		335 000

Sum fordringar	271 622		493 869
-----------------------	----------------	--	----------------

Bankinnskot, kontantar o.likn.	4 917 376	4	2 658 542
---------------------------------------	------------------	---	------------------

Sum omløpsmidlar	5 188 998		3 152 411
-------------------------	------------------	--	------------------

Sum eigendelar	5 409 057		3 355 564
-----------------------	------------------	--	------------------

Balanse eigenkapital og gjeld

Eigenkapital			
Innskoten eigenkapital			
Grunnkapital	200 000	5	200 000

Opptent eigenkapital			
Annen eigenkapital	1 594 266		1 164 515

Sum eigenkapital	1 794 266		1 364 515
-------------------------	------------------	--	------------------

GJELD

Avsetning for forpliktelsar			
Ubrukte midlar, byggesteg 1	358 160		348 875
Ubrukte midlar, byggesteg 2	1 886 537		40 000
Andre øymerka tilskot	427 999		524 326

Sum forpliktelsar	2 672 696		913 201
--------------------------	------------------	--	----------------

Annan langsiktig gjeld			
Hå kommune	288 000		288 000

Sum anna langsiktig gjeld	288 000		288 000
----------------------------------	----------------	--	----------------

Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld	210 655		360 544
Skuldig skattetrekk	109 224		101 806
Skuldig arbeidgjevaravgift	65 680		66 753
Skuldig feriepengar inkl. arb.gj.avg.	254 495		242 486
Skuldig meirverdiavgift	14 041		12 508
Anna kortsiktig gjeld	5 751		5 751

Sum kortsiktig gjeld	654 095		789 848
-----------------------------	----------------	--	----------------

Sum gjeld	3 614 791		1 991 049
------------------	------------------	--	------------------


Sum gjeld og eigenkapital	5 409 057		3 355 564
----------------------------------	------------------	--	------------------

Nærbo, 27.03.2000


Tom Tvedt


Arnfinn Vigrestad


Liv Todnem


Målfrid Snøteland
Museumsstyrar

Noter til rekneskap

Note nr. 1: Øyremerka tilskot

Posten består av:

Tilskot og gåver 1999	333 000
Overført frå 1998	524 326
Overført til 1999	- 427 999
Sum	429 327

Note nr. 5: Grunnkapitalen

I følgje museet sine vedtekter utgjer samlingane Stiftinga Jærmuseet sin grunnkapital. Grunnkapitalen i offentlege stiftingar skal vera minst 200.000,- kroner. Det er vanskeleg å fastsetja samlingane sin reelle verdi, m.a. fordi mange ting er uerstattelege. Premiegrunnlaget for forsikringssummen er oppgiitt til kr. 850.000,- .

Jærmuseet har fått tilskot frå følgjande bidragsytarar i 1999:

Norges Forskningsråd	60 000	Forskningsprosjektet "Plast i landbruket"
Norsk Kulturråd	100 000	Restaurering av slepeskurteskar
Fylkesmannen, landbruksavd.	48 000	Innsamling av mattradisjonar, restutbetaling
Fylkesmannen, landbruksavd.	75 000	Utstilling, "Metta – meir enn mat"
Samarbeidsrådet i Rogaland	50 000	Drift av Jærmuseet-Kvia 4H gard

Note nr. 2: Varige driftsmidlar

		Inventar /utstyr		EDB-utstyr		Bygningar		Sum
						Trinn 1	Trinn 2	
Kostpris	1.01. 1999	453.545	178.910	18.418.231	107.724	19.158.410		
Tilgang	1999			-9.285	849.463	840.178		
Kostpris	31.12. 1999	453.545	178.910	18.408.946	957.187	19.998.588		
Nedskr. m.inv.tilskot	01.01.99	453.545	178.910	18.418.231	107.724	19.158.410		
Nedskr. m.inv.tilskot	1999			-9.285	849.463	840.178		
Nedskr. m.inv.tilskot	31.12.99	453.545	178.910	18.408.946	957.187	19.998.588		
Bokført verdi	31.12. 1999	0	0	0	0	0		

Dei varige driftsmidlane er fullt ut finansierte med tilskot. Me har valt å føra tilskotet til frådrag i anskaffelseskostnaden, og får følgjeleg ein netto kostpris lik 0.Alternativet hadde vore å avskrive dei varige driftsmidlane over levetida, og tatt tilskotet til inntekt i takt med avskrivningane. Dette ville gjeve same driftsresultat.

Bygget er fullverdiforsikra. Premiegrunnlaget blei i 1999 indeksregulert med 10,9 % slik at premiegrunnlaget for hovudbygg, auditorium og verkstad er kr. 26,363.000,-. For Kviagarden var premiegrunnlaget i 1999 totalt kr. 2,767.000,-

Note nr. 3:

Jærmuseet har 7 fast tilsette.
Lønn til dagleg leiar utgjorde kr. 320.300,- i 1999.

Note nr. 4: Bundne midlar

Av totale bankinnskot på kr 4.915.552 utgjer kr. 109.224 bundne skattetreksmidlar, kr. 2.244.697 bundne midlar til byggetrinn 1 og 2 og kr. 427.999 midlar øyremerka konkrete prosjekt.